

Nye-kiosken på Heio er klar til bruk.

10.05.2016



Drivkraftene Oddmund Soldal og Kjetil Myklebust er fornøgd med at den nye kiosken er klar til bruk.

Den nye kiosken i garderobehuset på Heio er no ferdigstilt og klar til bruk. Det er Kjetil Myklebust og Oddmund Soldal som har stått i brodden for prosjektet, og no håpar dei at den vert flittig brukt slik at den vert ein viktig miljøfaktor når det er godt med folk på Heio. Prosjektet har fått økonomisk støtte fra Sparbank1 Stiftinga Kvinnherad og Marine Harvest.

Oddmund Soldal fortel at dei også har fått god støtte av Byggeriet Uskedal Trelastlager AS ved Kåre Guddal. Dei har sponsa med golvbelegg til kiosken og maling til garderobebygget innvendig. Han seier og at kiosken er godt utstyrt. Den har både pølsepanne, kaffitraktar, dobbelt vaffeljern og anna utstyr som trengst.

- No treng vi berre nokre som kan stå for drifta på kveldar og dagar når det er bra med folk på Heio, seier Soldal og tenkjer seg at dette kanskje kan vera ein fin jobb for nokre av dei eldste på barneskulen, eller einkvan på ungdomsskulen.
- Dette må vera ein fin anledning til å tena seg nokre kroner, seier han vidare og legg til at dei som er interesserte kan ta kontakt med han på mobil 951 31 716 slik at dei kan gjera ein avtale.

For dei som vil prøva denne kjekke jobben, er det berre å ta med pølses, pølsebrød og vaffelrøre. Det meste elles er på plass. På Heio er ofte mykje folk samla i sommarhalvåret, og kioskdirft kunne gjort desse dagane og kveldane endå trivlegare.

Etter at den gamle kiosken fekk seg ei lufteferd under stormen i vinter, er den no forflytta og den har fått seg eit nytt liv ved minicrossbanen ved Midthølen.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland